

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for verdiskaping og kompetanse

Innsendar

**Eg sender inn på
vegne av** Organisasjon

Orgnr 961744776

Namn på verksemد BERGEN NÆRINGSRÅD, Framtidsfylke og Næringsalliansen

Adresse Olav Kyrres gate 11

Postnummer/-stad 5014 BERGEN

Kontaktperson

Namn Ann-Kristin Kristoffersen

Telefon 97172423

E-post ann-kristin@bergen-chamber.no

**Enhet i
virksomheten** Bergen Næringsråd

Innspel

3.2 Kompetanse og inkludering

Høyringsinnspel til planprogrammet – Regional plan, verdiskaping og kompetanse

Framtidsfylket og Bergen Næringsråd, saman med Næringsalliansen i Vestland ønskjer å spele inn eit sentralt perspektiv i det vidare planarbeidet:

"Evna til å tiltrekke, utvikle og halde på kompetent nasjonal og internasjonal arbeidskraft -- som ein nøkkelfaktor for konkurransekraft og berekraftig utvikling i Vestland."

1. Bakgrunn og utfordringsbilete

Vestland står midt i ei omstilling prega av grønt skifte, digitalisering og demografiske endringar. Samstundes ser vi ei aukande konkurranse mellom regionar om arbeidskraft og kompetanse. For å møte framtida med styrke, må vi sikre at Vestland framstår som ein attraktiv region for både etablerte fagmiljø og unge talent.

2. Strategisk betydning

Kompetanse er ein avgjerande innsatsfaktor for innovasjon, verdiskaping og samfunnsutvikling. Å styrke regionen si evne til å tiltrekke seg arbeidskraft – både frå andre delar av landet og frå utlandet – er ikkje berre eit arbeidsmarknadstiltak, men eit strategisk grep for å sikre langsiktig konkurransekraft.

3. Forslag til føringar i planprogrammet

Vi foreslår at planprogrammet inkluderer følgande strategiske føringar:

- Talentattraksjon som regionalt utviklingsmål: Utvikle målretta tiltak for å gjere Vestland attraktiv for kompetent arbeidskraft, med særleg vekt på framtidssretta næringer og fagmiljø.
- Internasjonal kompetanseflyt: Legge til rette for at utanlandsk arbeidskraft og fagpersonar ser Vestland som ein attraktiv stad å bu og arbeide.
- Mobilisering av lokal og nasjonal kompetanse: Styrke samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonar, næringsliv og offentleg sektor for å skape attraktive karrierevegar og fagmiljø i regionen.
- Attraktivitet som bu- og arbeidsregion: Satse på livskvalitet, bustadutvikling, kulturtilbod og infrastruktur som viktige faktorar for å tiltrekke og halde på folk.

4. Til slutt

Vi meiner at talentattraksjon og kompetanseflyt må vere eit gjennomgående perspektiv i planprogrammet. Dette vil styrke både konkurransekrafta og den langsiktige berekrafta i Vestland. Vi ser fram til framtidig samarbeidet kring desse tema.